

ÅRSMELDING 2013

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Innhald

Sogn og Fjordane Folkemusikklag

- Administrasjon
- Medlemmer, medlemskap og representasjon
- Årsmøtet 2013
- Utgjevingar
- Fond
- Folkemusikkprisen

Prioriterte satsingsområde 2011-2014:

- Informasjon
- Folkemusikkarena
- Kulturpolitisk arbeid
- Organisasjon

Utsnitt

Samarbeidspartnarar

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande formål:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2013 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Antonia Karete Haugen Kongsvik (Stryn) styreleiar
Kari Malmanger (Sogndal) nestleiar
Oddbjørg Ese (Luster) styremedlem
Dagfrid Vallestad Brevik (Førde) styremedlem
Helene Myklemyr Bolstad (Luster) styremedlem

Varamedlemmer:

1. varamedlem Leif Erik Stuhaug (Førde)
2. varamedlem Bjørn Eivind Årdal (Jølster)
3. varamedlem Aud Sissel Orheim (Eid)

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte. Av desse var tre av møta telefonmøter. Totalt har styret handsama 53 saker. Nokre av sakene har også vore drøfta pr. e-post.

ADMINISTRASJON



Dagrun Hesjevoll. Foto: Sissel Beate Eriksen Skar.

Dagrun Hesjevoll er tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Dagleg leiar er sekretær for styret og har elles ansvar for den daglege drifta av Folkemusikklaget.

Folkemusikklaget har kontor i Jostedal, og faste kontordagar er måndag, tysdag og onsdag.

Kontoret vart vass-skada i februar og måtte flyttast. Kontoret er no heime hjå dagleg leiar. Til alt hell var alle maskiner og det aller meste anna som var viktig, intakt.

Folkemusikklaget engasjerte Tormod Kleiveland som prosjektleiar for Mokurset 2013.

MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde ??? medlemmer pr. 31.12.2013, ??? born og unge og ??? vaksne. Av desse er ??? enkeltmedlemmer direkte innmelde i Folkemusikklaget. 19 lokallag er tilslutta organisasjonen.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Sogn og Fjordane Musikkråd (skipa i 2012)

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:

Innspelmøte for Kulturutredningen 2014: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Årsmøtet i FolkOrg på Hamar: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Møte for sommarkursarrangørar under Folkelarm: Dagleg leiar Dagrund Hesjevoll

Blest 2013: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Representantskapsmøtet i Førdefestivalen: Aslak Johnsen

Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Dagrund Hesjevoll

Møte med arrangørane av Fylkeskappleiken 2014: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

ÅRSMØTET 2013

Årsmøtet var lagt til Skei hotell, søndag 3. mars. 9 medlemslag var representerte med til saman 14 røysteføre utsendingar.

-Frå styret møtte styreleiar Synnøve S. Bjørset, styremedlem Dagfrid V. Brevik, styremedlem Helene Myklemyr Bolstad og styremedlem Oddbjørg Ese

-Frå administrasjonen Dagrund Hesjevoll

-Frå valnemnda møtte Kjartan Naustdal.

Magnus Skjerdal var møteleiar. Til stades var til saman 20 personar. Marit Vestrum var på møtet som gjest frå FolkOrg. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond



Rolf Myklebust

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelningar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.

Fondet sto pr. 31.12.13 med kr. 123 312kr i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2013.

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret.


Fondet sto pr. 31.12.13 med kr. 102 656 i eigenkapital. Fondet skal brukast til å dekke inn eit underskot på Mokurset 2013 på kr 11 887. (Ikkje trekt enno.)

UTGJEVINGAR

Rolf Myklebust: *Slåttar i Nordfjordtradisjon*

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2013 der ca. 560 hefte på lager. Nokre hefter vart øydelagde i vasslekkasjen på kontoret. Hefte nr. 2 er utseld.

Skumringstimen



Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket.

Boka inneheld også to cd - plater med opptak av kjeldene.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2013 77 bøker på lager.

FOLKEMUSIKKPRISEN

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket. Neste utdeling er i 2014.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen www.folkemusikklaget.no. Her må interesserte lesarar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrev, pressemeldingar og bruk av sosiale media. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" laga ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no.

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar. Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på menypunkta Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir hovudsakleg produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement rundt i fylket. Det har i 2013 vore publisert om lag 130 artiklar på nettsida.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på facebook. Her vidareformidlar folkemusikklaget egne nyhende frå nettportalen vår. Det vert også forsøkt å dele vidare folkemusikkhendingar som andre har oppretta, artiklar frå aviser om folkemusikkarar m.m. Det vert spesielt lagt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane.

Arrangementa våre vert oppretta som hendingar på facebookside vår. I 2013 gjaldt dette arkivkurset og kurs i danseopplæring. Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har også tilbod om å bli oppretta som hendingar under Folkemusikklaget si side.

NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrev til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebrevet blir generert ut frå nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane". Vi arbeider jamleg med å oppdatere og utvide mottakarlista for nyhendebrevet.

PRESSEMELDINGAR

Folkemusikklaget har sendt ut pressmeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har dei lokale arrangørane stått for utsending av relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

FOLKEMUSIKKARENA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å:
 - skipe til egne arrangement
 - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
 - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og vaksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne

formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene åleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

KAPPLEIKAR

Smørbukk-kappleiken



Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa. Smørbukk-kappleiken vart i år arrangert under fylkeskappleiken laurdag 6. april på Skei. I alt var 59 deltakarar frå heile fylket i aksjon på scena. Innslaga femna frå solonummer til ei stor vokalgruppe med 18 songarar. Både dans, song og spel var representert blant innslaga.

Oddbjørn Skjerdal var ansvarleg og leia samlingsstunda for alle med lek og dans som starta kappleiken.

Leif Erik Stuhaug og Oda Heidi Bolstad leia kappleiken, og ein jury samansett av Aslak Johnsen, Ingrid Søyland og Ole Magnus Mo fekk i oppgåve å kommentere kappleiksnumra og peike ut "Årets Smørbukk".

Andrea Årøy frå Sogn imponerte alle med songen sin og vart for dette kåra til "Årets Smørbukk". I tillegg fann juryen det på sin plass å dele ut nokre ekstrapremiar til andre som også hadde utmerka seg. Spelegruppa frå Aurland kulturskule fekk premie for spennande påkledning med plaster og vottar. Dei som spelte i gruppa var Brita Skjerdal, Sigve Skjerdal og Jens-Henrik Hegg. Engel Eikås Tansøy frå Jølster som dansa halling, fekk pris for beste kondis medan songtrioen Ingvild Lereim Olsen, Thea Ospesete Sletten og Tora Ospesete Dalaker frå Sogn fekk pris for god samklang. Premiane som vart utdelte, var det Norsk Barneblad som stod for. Sjølv sagt vanka det også smørbukk-karamellar og diplom til alle som deltok.

Smørbukk-kappleiken 2013 vart sponsa av Norsk Barneblad, Lerum og Førdefestivalen.

FYLKESKAPPLEIKEN

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen på Skei, 5.-6.april. Skei hotell var kappleiksarena. Smørbukk-kappleiken var i år samlokalisert med fylkeskappleiken, og vart avvikla på føremiddagen laurdag. Spelemannslaget Fjellklang var lokal arrangør. I samband med at Spelemannslaget Fjellklang vart kappleiksarrangør meldte også toradargruppa Jølstrabelgen seg inn i Fjellklang. Arrangøren gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av kappleiken. Totalt var det 64 startnummer, og det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddans-klassar. Fylkesarkivet var tilstade og gjorde lydopptak.

Resultatliste og foto frå kappleiken er å finne på www.fylkeskappleiken.no under arkiv.

VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikkklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2013 var det Sogn og Fjordane sin tur og for første gang var Gamlebanken spelemannslag lokal kappleiksarrangør. Kappleiken vart halden på Rica Sunnfjord Hotel i Førde, 11.-13. oktober.

Arrangøren la ned eit solid marknadsføringsarbeid av kappleiken på førehand. Dette bidrog truleg til at årets Vestlandskappleiken var den største på mange år. Tevlingane omfatta både bygdedans- og runddansmusikk. Totalt var der heile 117 startnummer. Også på Vestlandskappleiken var Fylkesarkivet på plass og gjorde opptak.

Resultatliste frå ein vel gjennomført kappleik er å finne på www.vestlandskappleiken.no

KURS | SEMINAR

INSTRUKTØRSEMINAR og STORKURS

Storkurset er eit samarbeid med Hordaland Folkemusikklag, og skal arrangerast annan kvart år i det fylket som ikkje er vertsfylke for Vestlandskappleiken. Det var derfor planlagt å arrangere storkurs hausten 2012. På grunn av kapasitetsproblem vart storkurset flytta til 2. og 3. mars 2013 i Førde.

Tema for det planlagde storkurset var springar og samspelet mellom musikken og dansen, og det skulle etter planen vere eit tilbod for utøvarar på song, fele, hardingfele, trekkspel, toradar og dans. På grunn av få påmelde måtte storkurset dessverre avlysast.

ARKIVKURS



Erle Hind frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Folkemusikklag inviterte 7. september til arkivseminar på Fylkesarkivet i Leikanger. Kursleiarar var Erle Hind frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Anna Liv Skjelten Gjendem frå Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal/Rff-senteret.

Innhald på kurset:

Del 1: På den første delen av kurset vart Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane presentert av Erle Hind.

Deltakarane fekk ei innføring i kva som finst i arkivet og korleis dei kan søkje i arkivet sin database. Det vart demonstrert korleis det vert gjort opptak til arkivet. Deltakarane fekk også løyse praktiske oppgåver ved å bruke fylkesarkivet sin database og det var omvising i arkivet.

Del 2: I den andre delen presenterte Anna Liv Skjelten Gjendem Rff-arkivet.



Foto: Ivar Gjendem/Fotograf Birdy

Anna Liv Skjelten Gjendem

Deltakarane fekk presentert kva som finst i arkivet og korleis dei kan låne arkivmaterial. Her vart vist fleire klipp frå arkivet og forklart korleis desse kan brukast i undervisning

Seminarret vart avslutta med ein presentasjon av Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Totalt var der ni deltakarar frå heile fylket på arkivseminaret som forhåpentlegvis bidrog til at fleire kjem til å nytte arkiva aktivt.

Arkivseminaret vart gjennomført i godt samarbeid med: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Rff-senteret

KURS I DANSEOPPLÆRING

Sogn og Fjordane Folkemusikklag arrangerte kurs i danseopplæring helga 23.-24. november i ungdomshuset Fjellvarden på Fjelli. Instruktører var Asbjørg og Arne M. Sølvberg. Det har i fleire år vore snakk om krise for rekrutteringa til den folkelege tradisjonsdansen. Kurset var meint som starthjelp for å få fleire til å våge seg til med opplæring i dans, særleg av born og ungdom.

Innhaldet på kurset:

Laurdagen starta med gjennomgang av enkle oppstartingsdansar for dei yngste som songleikar og lette musikkdansar. Det vart fokusert på dei viktigaste prinsippa for leiing av dans med unge i barnehage- og småskulealder. På ettermiddagen vart det gått gjennom litt om gruppeinndeling av dansane. (Songleik, songdans, turdans, bygdedans, runddans.) Det vart også undervist i høvelege dansar for litt eldre born (10 – 14 år.) I den siste økta på laurdagen vart det sett på grunnform av springar og parhalling og oppbygging av progresjon. Deltakarane fekk også prøve seg på instruksjon.

Søndagen vart i tillegg til repetisjon også brukt på runddansar som passa for ungdom over 14 år. Ungdomsgruppa i Fjelli ungdomslag kom innom og synte nokre av dansane dei bruker. Dei stilte også opp som ekte prøveelevar for deltakarane på instruktørkurset. Dermed vart det ein god og realistisk læresituasjon.

Totalt deltok seks deltakarar på kurset som fekk gode tilbakemeldingar. Det har også kome ønskje om eit oppfølgingskurs.



Deltakarar og instruktører på kurs i danseopplæring. Frå venstre: Ingunn Skjerdal, Hallgrim Skjerdal, Solgunn Haugen, Oddbjørn Skjerdal, Tove Kristin Sølvberg, instruktør Arne M. Sølvberg, Elling Sølvberg og instruktør Asbjørg Hustveit Sølvberg.

MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 7.-12. juli. Kurset hadde 60 deltakarar i alderen 10-20 år, der hovudvekta frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.

Mokurset hadde følgjande kurstilbod i 2013:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspel og toradar.
- Meisterklasse på hardingfele/fele med Erlend Viken, i samarbeid med Førdefestivalen.
- Innføring i folkeleg dans med Maria Skjeldrum Toppe og Silja Solvang.

Kurset i folkeleg dans og songkurset måtte dessverre avlysast grunna for få påmelde. Unni Løvlid skulle ha vore instruktør på songkurset. Dei andre kurstilboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på spelkurset var Sigmund Eikås, Leif Erik Stuhaug, Gro Marie Svidal, Oda Heidi Bolstad og Annlaug Børsheim på hardingfele, Ingrid Heieren, Ingrid Stuhaug og Bjørn Kåre Odde på fele, Kristoffer Kleiveland på toradar og Linda Gytri på trekkspel.

Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll var kursleiar, og prosjektleiar var Tormod Kleiveland. I tillegg var det ei rekkje frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

Konsertar under Mokurset 2013:

- Slik kan det gjerast – instruktørkonsert
- Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert
- Open konsert og dans i Sersjantløva på Sunnfjord Museum
Konserten var i år med Linda Gytri og Annlaug Børsheim.
Dans med Gamlebanken Spelemannslag og Meisterklassa frå kurset.
- Mokurskonserten – avsluttingskonsert med alle deltakarane

Mokurset 2013 fekk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norsk Folkemusikkfond.

Vi rettar ei stor takk til alle som støtta Mokurset 2013!



Deltakarar og instruktørar på Mokurset 2013. Foto: Einar Eimhjellen.

KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode rådevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løyvingar påverkar rådevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre rådevilkår.

Fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kom i 2012 med ei innbyding til Musikkrådet, Kulturskulerådet og Førdefestivalen om å sitje i ei arbeidsgruppe som med følgjande mandat skulle lage ei utgreiing om ulike modellar for fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart ikkje invitert til å sitje i denne arbeidsgruppa, men fekk høve til å peike ut ein av dei to representantane til Musikkrådet. Helene Myklemyr Bolstad vart av styret peika ut til å sitje i arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa leverte hausten 2012 ei utgreiing som tilrådde at fylkeskommunen skal gå inn i drøftingar med interesserte kommunar med mål om å opprette nye distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk. Hovudutval for kultur vedtok 25.09.2012 at fylkesmusikarordninga skulle endrast i tråd med innstillinga i utgreiinga «Sogn og Fjordane fylkeskommune si vidare satsing på folkemusikk» og dermed bli omgjort til ei distriktsmusikarordning.

Framdriftsplanen for iverksetting av endringa vart handsama av hovudutval for kultur 19.juni 2013. Hovudutvalet følgde fylkesdirektøren si tilråding og gjorde følgjande vedtak:

1. For å kartlegge interessa for å delta i eit samarbeid om etablering av distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk vert alle kommunane i fylket invitert til deltaking.
2. Kommunane melder si interesse innan 1. januar 2014.
3. Vidare iversetjing skal skje gjennom drøftingar og avtale mellom aktuelle kommunar og fylkeskommunen. Dette skal skje i samarbeid med dei tilsette fylkesmusikarane i noverande stilling og deira fagforeining.
4. Fylkesdirektøren for kultur får til oppgåve gjennomføre prosessen innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Mange kommunar har dårleg råd, og i staden for kultursatsing vert det føreslege kutt i både kulturskular og anna. I samband med vedtaket i Hovudutvalet sende Sogn og Fjordane Folkemusikklag ut oppmoding til våre lokallag om å setje seg inn i saka og jobbe aktivt opp mot sine heimkommunar slik at fylkesmusikarordninga vert vidareført på ein god måte.

Innspelsmøte om kulturpolitikk 2013

Evalueringa av kulturløft 1 og 2 vart lagt fram av Engerutvalet 4. mars (NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014). Kulturløft 1 og 2 har gjeve fem milliardar nye kroner til kulturlivet dei siste åtte åra. Ein milliard av dette har gått til momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar. Engerutvalet peika på at det lokale kulturlivet ikkje har fått del i den auken som har komme gjennom dei to føregåande kulturløfta. Utvalet rår difor til at eit nytt kulturløft bør handle om lokal kultursatsing.

Kulturdepartementet arrangerte våren 2013 innspelsmøte i alle fylka. Dette var gjort i samband med at retninga for kulturpolitikken for dei kommande åra no skulle peikast ut. Kulturdepartementet ville ha innspel på kva som bør vidareførast, kva bør det satsast på framover, og korleis ein kan sikre auka deltaking i kulturlivet.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag v/styreleiar Antonia Karete H. Kongsvik var til stade på innspelsmøte i Førde 12.april. Frå kulturdepartementet møtte statssekretær Kjersti Stenseng og politisk rådgjevar Håvard Fossbakken.

Folkemusikklaget spelte inn at sommarkursa på folkemusikkfeltet er svært viktige arenaer for rekruttering og opplæring. Likevel har sommarkursa svært pressa og lite føreseieleg økonomi grunna tilgang på få offentlege stønadsordninga og løyvingar som går berre over eit år. Dette gjer det vanskeleg å vidareutvikle kursa. Folkemusikklaget foreslo auka midlar i potten hjå eksisterande stønadsordningar, samt endringar som vil gje tilgang til fleire stønadsordningar.

Også fordelinga av Frifondmidlane vart spelt inn på møtet. Då med utgangspunkt i at mange organisasjonar t.d. mange spelemannslag gjer mykje godt arbeid for born og unge utan å oppfylle kravet om at 1/3 av medlemmane må vere under 26 år for å få støtte frå Frifond. Fordelinga av Frifondmidlane vart også nemnd av andre aktørar i fylket.

ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:

- sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonal og internasjonalt
- nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein godt fungerande, framtidsretta, sjølvutviklande og effektiv organisasjon med god kompetanse.

STYREARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR

Styret har arbeidd med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Styreleiar har utarbeidd "Styreleiarpermen" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret.

RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Folkemusikklaget har arbeidd vidare med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda vår, og har siste åra mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium.

UTSNITT

Det kom fleire plateutgjevingar med artistar frå fylket: "Lux" (Unni Løvlid), «Ny glød» (Arne M. Sølvberg), "Blikkspor" (Erlend Apneseth)

Gro Marie Svidal vart tildelt «Statens kunstnarstipend for unge / nyetablerte kunstnarar» i 2013

Naustedalen spelemannslag var blant dei nominerte til «Årets lokallag 2013»

Arve Bjørn Røneid vart tildelt Vågåfatet 2013

Arne M. Sølvberg fekk tildelt Hilmar Alexandersens Musikkpris 2013.

Karl Seglem vart vinnar av Luttprisen for 2013. Blant dei nominerte var også Unni Løvlid, Erlend Apneseth og Linda Gytri.

Kringkastningsorkesteret (KORK) vitja Sogn og Fjordane for første gong. I høve Sogn og Fjordane sitt 250 års-jubileum komponerte Eirik Husabø frå Florø eit tingingsverk for KORK i samspel med tre solospelemenn frå fylket. Verket "Tri tonar" inneheld ein slått frå kvar fjord. Solistane i tingingsverket var Håkon Høgemo frå Sogn (hardingfele), Arne M. Sølvberg frå Nordfjord (fele) og Sigmund Eikås frå Sunnfjord (hardingfele). Også Sigrid Moldestad deltok på konserten med Kork.

Linda Gytri var ein av dei nominerte til Folkelarmprisen i klassa Solo for plata «Umbrå».

«Honndalstausene» hadde 30 års jubileum.

Erlend Apneseth vart vinnar av Fureprisen 2013 på 50 000kr som vart utdelt på LK Røros. Prisen går til folkemusikarar under 25 år. I 2013 har han også blant anna vore artist på årets Folkelarm og månadens artist på Riksscena.

Brått-festivalen var arrangert for første gong i Hornindal med over 50 «heime hos»-konsertar i tillegg til fire offentlege konsertar.

Apal (Linda Gytri, Kristoffer Kleiveland og Vidar Berge) spelte under Jodhpur International Folk Music Festival i India.

Britt Pernille Frøholm vart nummer to på Landsfestivalen i gammaldansmusikk i klassa solo fele/hardingfele.

I klassa for grupper på Landsfestivalen kom "Hevd" med blant andre Arve Bjørn Røneid på toradar på bronseplass.

Erlend Apneseth kom på tredjeplass i hardingfele klasse A under Landskappleiken på Røros.

Mathilde Skjæret kom på andreplass i spel hardingfele klasse C på Landskappleiken

Førdefestivalen hadde ei rekkje artistar frå fylket på programmet også i år: Unni Løvlid, Linda Gytri, Kari Malmanger, Elin Grytting, «Lyden av framtidfylket», Gro Marie Svidal og Tom Karlsrud i «Den vesle prinsen» og dansespel ved Indre Sunnfjord Spelemannslag og Gaular Spelemannslag.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2012 hatt ei rekkje samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekkje tiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Førdefestivalen
KOMP
FolkOrg
Rådet for folkemusikk og folkedans
Tine
Lerum
Luster Sparebank
Norsk Barneblad
Hordaland Folkemusikklag
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Spelemannslaget Fjellklang
Gamlebanken spelemannslag

15.02.2014

Antonia Karete Haugen Kongsvik – styreleiar



(sign.)

Kari Malmanger - nestleiar

(sign.)

Helene Myklemyr Bolstad - styremedlem
(sign.)

Dagfrid Vallestad Brevik - styremedlem
(sign.)

Oddbjørg Ese - styremedlem
(sign.)